Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Sogn og Fjordane og Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: For eigi røynsla: Balestrand

Emne: Beit og Brom

Bygdelag:

Oppskr. av: A. Skåsheim,

Gard:

(adresse): Bergen.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja —

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Noko av upplysningane er innsamla ymse stader på Vestlandet.

SVAR

1. Ja. Dei brukte bjørkeris til kyr og sprake (eine) til sauer og geiter. Bjørkeris vart rekna „ringt fôr". Sprake var til „livberging".

"Almeris vart brukt til kyr. Det vart rekna „mjølkefôr". Det var godt og nærande, og beisti åt det gjerne.

2. Arbeidet kalla dei risa. Um vårane drog dei det ofte på upphelera (skare). Dei køyrde det i sloar, ein ris-sloe, eller dei brukte ein vanleg vedslede. Riset vart ofte buntа i ulenda. Så køyrde dei det heim på skaôk. Var det god forskog navde dei trei so dei var store stuar. Ein navstu. Desse stuane va navde i vaôr. Eg ska upp i Li og nava ris.

3. På gode skoggardar brukte dei ris som vanlegt fôr heile vinteren. Men dei fleste stader var ris hjelpe-fôr i forløysa. Transporten av riset

var etter som lendet kunde vera. Dei köyrde det heim i store vidlass på god före. Dei hadde då hogge greinene av treet. Ofte brant dei riset saman - og bar det heim i byrdar. Det var helst alnevis um våren. Hardaste arbeidet med riving var i mars og april.

4 Bitjarn brukte dei etter som skogen var - öks eller snil (snidel)




1 skaft, 2 egg, 3 nebb, 4 bakke.

5 Kyr, sauer og geiter fekk skav. Det hende at öykjer fekk ospeskav. Dei fekk det friskt og fint skave - ikkje hakka - eller blanda med anna for. For alle heilt. -

6. Ved som skulde skavast låg i ein koste (kaaste) på tunet. Skavet vart lagt i kjeror - ei skavkjessa. Skav dei upp mykje med ein gong slo dei vatn på det so det heldt seg friskt.

Sauer og geiter gjekk ofte ute på tunet og åt der. Dei tok målet ute. Dette var serleg der dei köyrde heim sprake. - Geitene åt både dei gröne nålene og gnag borken. - ~~Gnaga~~ Gnaga so ei geit.

7. Riset skulde vera fint og

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
934

 

Skåsheim. –

mjukt. Dei brant det alltid i kropp med hendene – brjóla rett inn i fanget.

Langfredag heldt dei serleg heilag. Då for dei ikkje med slikt arbeid. Balestrand.

Skaving og rising kunde dei betre driva med då det var nokk arbeidsfolk å få, og dagløni var låg. Husmenn i plikkarbeid. –

No til dags løner det seg ikkje å leiga folk til slikt arbeid.

I Balestrand hev ikkje vore nytta sammande skav etter 1898. – Dette gjeld Skåoseimsgrendi. Inne i fjordane (Fjørland, Vetlefjord og Sudrefjord) brukte dei skav*) til kring 1914. –

Bergen 27. desbr. 1947.

A. Skåsheim

*) sume stader. –

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING